



Kålås og sønn byggevarehandel AS
Sauvågen 83
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3936 - 14/26944

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
04.12.2014

Løyve til igangsetjing av heile tiltaket - gbnr 195/215 Leiknes.

Administrativt vedtak. Saknr: 378/14

Tiltakshavar: Frank Fammestad
Ansvarleg søkjar: Kålås & Sønn Byggevarehandel AS
Søknadstype: Søknad om igangsetjingsløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Kommunen gav i vedtak datert 28.08.2014 rammeløyve for oppføring av frittliggjande garasje, tilbygg med altan/carport og støttemur langs veg på gbnr 195/215.

Det vart i rammeløyvet sett vilkår om at det må liggja føre løyve til å etablera muren mindre enn 4 m frå offentleg leidningsnett før det kan gjevast igangsetjingsløyve. Etablering/fundamentering av mur skal skje i samsvar med e-post av 04.11.2014 frå Teknisk drift til ansvarleg søkjar/tiltakshavar, mottatt her 04.12.2014.

Det vert no søkt om igangsetjing for heile tiltaket og godkjenning av ansvarsrettar.

Ansvarleg søkjar har i søknaden vist til at det er feil i rammeløyvet når det gjeld nemninga på eigedomen og godkjenninga av Kålås & Sønn Byggevarehandel AS sin søknad om ansvarsrett. Dette vert retta opp i igangsetjingsløyvet.

Det vert elles vist til søknad mottatt 17.11.2014.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 17.11.2014 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

VURDERING



Etablering/fundamentering av mur skal skje i samsvar med e-post av 04.11.2014 frå Teknisk drift til ansvarleg søkjar/iltakshavar, mottatt her 04.12.2014. Teknisk drift vil ha tilbakemelding på korleis muren vert fundamentert i høve punkt 2) i e-posten av 04.11.2014.

Ansvarsrettar

Kommunen har gjort ein feil ved godkjenninga av Kålås & Sønn Byggevarehandel AS sin søknad om ansvarsrett i rammeløyvet. Dette vert no retta opp.

Føretaket **Kålås & Sønn Byggevarehandel AS**, org.nr. 940215897, har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK)**.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Kålås & Sønn Byggevarehandel AS**, org.nr. 940215897, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) for bygningsutforming/arkitektur, situasjonsplan og tømrrarbeid**.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Kålås & Sønn Byggevarehandel AS**, org.nr. 940215897, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF) for tømrrarbeidet**.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **H. Sandvik AS**, org.nr. 989482920, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) for grunn- og betongarbeid ved oppføring av gråsteinsmur med fundament**.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **H. Sandvik AS**, org.nr. 989482920, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF) for grunn- og betongarbeidet ved oppføring av gråsteinsmur med fundament**.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 vert det gjeve igangsetjingløyve for heile tiltaket, jf rammeløyve datert 28.08.2014, på følgjande vilkår:

- Muren skal utførast i samsvar skriv i saka frå Teknisk drift, mottatt her 04.12.2014.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggja føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vera målt inn og koordinatar send kommunen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Kålås & Sønn Byggevarehandel AS	940215897	S	1	Ansvarleg søkjar
PRO	Kålås & Sønn Byggevarehandel AS	940215897	S	1	Bygn.utforming/arkitektur Situasjonsplan Tømrrarbeid

PRO	H. Sandvik AS	989482920	S	1	Grunn- og betongarbeid ved oppføring av gråsteinsmur med fundament
UTF	Kålsås & Sønn Byggevarehandel AS	940215897	S	1	Tømrararbeid
UTF	H. Sandvik AS	989482920	S	1	Grunn- og betongarbeid ved oppføring av gråsteinsmur med fundament

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3936.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

